

1 **F18: Anerkjenn Palestina no!**

2 **Framleggsstillar:** Lærdal SV

3 **Innstilling fylkesstyret:** Til handsaming.

4

5 Lærdal har i 26 år hatt vennskapsavtale med Jeriko, verdas eldste by på Vestbreidda
6 i Palestina. Me held tett kontakt med vennskapsbyen vår, ikkje minst i desse tidene.
7 Israel si krigføring på Gaza rystar ei heil verd. Men også Jeriko og andre byar og
8 landsbyar på Vestbreidda blir kvar natt og dag angripne av israelske soldatar som
9 skyt og arresterer folk, stel og øydelegg hus og eigedom. Ingen kan kjenna seg trygg,
10 både ungar og vaksne blir veldig redde. Jeriko og andre byar er avstengde, ein må
11 gjennom sjekkpunkt med venting og strenge kontrollar om ein må ut av byen. Og ute
12 på vegane er det svært farleg, ikkje minst fordi innbyggjarane i dei ulovlege israelske
13 busetjingane er væpna og svært aggressive. Næringsliv og all aktivitet blir også
14 ramma. Bøndene får ikkje sendt ut produkta sine, hotell, kafear og skular er stengde,
15 arbeidsløysa er enorm, og inntektene skrantar.

16 Lærdal SV er glade for at den norske regjeringa har trappa opp hjelpa til Palestina,
17 fordømt blokaden og held døra open for dialog med alle partar. Me er også glade for
18 at Norge var blant dei få europeiske landa som røysta for våpenkvile i FNs
19 generalforsamling, og sikra to tredels fleirtal. Men me krev no at den norske
20 regjeringa gjer det mange land for lenge sidan har gjort: Å anerkjenna Palestina som
21 ein eigen stat. Vage formuleringar om at dette er feil tidspunkt framstår som tomme
22 ord når ein ser lidingane det palestinske folket må gjennomgå. I Lærdal opplever me
23 gjennom vennskapsbanda til Jeriko korleis eit heilt folk blir trakassert, kua og truga
24 med fordriving. I nyheitene får me eit inntrykk av dei aller verste krigshandlingane,
25 men bak nyheitsbildet skjer umenneskelege overgrep mot heile det palestinske folket.

26 Det palestinske folket sitt rettferdige krav om ein eigen stat er i ferd med å bli utsletta.
27 Leiande politikarar i Israel legg ikkje skjul på at målet deira er å fordriva palestinarane
28 over grensene til Egypt og Jordan, så dei kan overta heile landet og leva i eit 'reint'
29 jødisk samfunn «from the river to the sea». Verda må stå opp mot dette, og den
30 norske regjeringa bør gå i front – mellom anna med å anerkjenna den palestinske
31 staten.

32

33 Lærdal SV stør parolane til aksjonen «Norge må gjøre mer», danna av ei rad norske
34 organisasjonar:

- 35 - Stopp handel frå ulovlege busetjingar
- 36 - Slutt å investera i den ulovlege okkupasjonen
- 37 - Stans våpensal til Israel